



Referat frå styremøte/telefonmøte måndag 21.02.11

Desse deltok: Per Inge Solvang, Ola Aule, Idar Nygård, Ruth Sylvi Løland og Arne Fossmo.

- Sak1: Brev frå Mads Vole. Styre handsama saka og har i felleskap utarbeida eit svar som vert sendt til Mads Vole på epost og i brevs form.
- Sak2: Messe Ålesund – det vart sett eit tak på utgifter i samband med denne messa til Kr.10.000,-. Ruth Sylvi sjekkar med Forbundet om dei kan evt.vere med på ein del av kostnaden for stand. Per Inge sjekkar om me kan presse prisen ned litt på standkostnaden. Det kan også sparast ein del utgifter ved å bu på ei felles hytte / leilegheit for dei som reiser.
- Sak3: Sponsor avtalar: Arne kontaktar noverande bankforbindelsar for om det er mogeleg å inngå sponsoravtalar. Per Inge sender over avtalen som me i dag har med Toyota, slik at Arne kan jobbe ut ifrå / vidare med den. Idar sender faktura til dei som har Logo på heimesida i dag. Wadsten ynskjer ikkje lenger å gi 20 % som medlemsfordel, då dette ikkje har gitt noko særleg resultat.
- Sak4: Utstillingar: Per Inge foreslår å dele styret i aust/vest, slik at 2 styremedlemmar tek del i utstillingskomiteane for dei respektive utstillingane Vestlandsutstillinga 21 mai og Lomutstillinga 19-20.juni. Idar vert "friteken" desse plikter, for å jobbe vidare i "Markane komiteen".
- Lokalisering: Ynskjeleg lokalisering for utstillingane er Nordal Camping og Førde Camping.
- Påmelding: elektronisk via NKK.
- Annonse: annonsar for begge utstillingar er sendt inn til Elghunden.
- Sal av annonsar til katalogar: dette tek kvar utstillingskomite seg av.
- Trykking av katalogar: Arne tek kontakt med eit lokalt trykkeri for å sjekke kva det kan koste å få katalogane trykt. Kan dette evt. Gjerast mot ei annonse i katalogen?
- Sak5: Ruth Sylvi tek kontakt med tidlegare sekretær for å få overført domenet til klubben.
- Sak6: Medlemslista: alle i styret jobbar med å framskaffe so mange epostadresser som mogeleg.
- Sak7: Utsendingar til RS: Leiar Per Inge og Ruth Sylvi tek del. Per Inge tek på seg å skaffe ein 3.person til å delta ettersom ingen av dei andre styremedlemmane hadde høve. Kanskje ein av varamedlemmane har høve?

Sak8: Eventuelt: Bjørn H. Marthinussen har spurt om det er råd å få dekket utgifter til kurs/instruktør utdanning. Styret vart ikkje samde i om dette skulle tilråast. Styret vart einige om at dette vart ei sak for neste årsmøte, slik at medlemmane får høve til uttale om utdanning. Dette kan vere ei på sikt verte ei inntektskjelde for klubben.

Møtet avslutta ca.22.30.

Referent: Ruth Sylvi Løland